

VALDRESKAPPLEIKEN 2009

Vestre Slidre Folkemusikk- og danselag står som arrangør.

Dato: 9. mai. Stad: Vestre Slidre kulturhus.

Opplegget for arrangementet blir etter same leist som i 2008, der Øystre Slidre spel- og dansarlag gjorde eit framifrå arbeid.

Kappleik på dagtid, premieutdeling og diverse andre innslag på kveldstid, samt god dansemusikk.

Vestre Slidre Folkemusikk- og danselag vonar på storinnrykk av utøvarar og folkemusikkinteresserte frå heile Valdres.

Randi Før

Kriterier for dømming av lagdans

Styret i LFS har gjeve ei arbeidsgruppe i oppgåve å vurdere kriterier for dømming av lagdans på kappleik. Arbeidsgruppa ønskjer innspel frå lokallag og andre som har synspunkt på korleis ein ønskjer at denne klassa skal bli dømt.

Arbeidsgruppa skriv:

"I dag brukes system og skjematematikk fra de ordinære danseklassene. Lagdans har i sin natur en annen uttrykksform, når en ser dansen som en helhet og ikke på enkelt dansere eller par. En vil derfor se på mulighetene for å tilpasse bedømmingskriteriene slik at de passer bedre til lagdans. Vi håper dere vil være bidragsytere i denne prosessen. Lagdans er en av de store kappleiksklassene på Landskappleiken. Bedømmingen av denne klassen, er alltid et ivrig diskusjonstema etterpå. Bruk derfor muligheten nå, til å komme med gode innspill på hva dere ønsker å legge vekt på ved bedømming av denne kappleiksklassen".

Send skriftlige tilbakemeldinger til LFS-administrasjonen, eller til arbeidsgruppa på e-post. Utvalet består av Jon Ellingsen, Randi Skeie og Martin Myhr, og dei må ha tilbakemeldingar innan: 01.02.2009

Kontaktinfo for arbeidsgruppa:

jon@gamlekaradn.no

Mobil: 91895320